



Kunnskapsgrunnlag for samfunnsplan

Innhald

| | |
|--|---------|
| 1. Innleiing..... | Side 2 |
| 2. Eit kunnskapsgrunnlag som bidreg til berekraftig samfunnsutvikling..... | Side 2 |
| 3. Kva skjer i Sula – oppsummering | Side 3 |
| 4. Kven er vi? | Side 5 |
| 5. Kvar bur vi? | Side 7 |
| 6. Kva gjer vi?..... | Side 12 |
| 7. Korleis har vi det? | Side 15 |
| 8. Kommunen sin økonomi..... | Side 22 |
| 9. Samarbeid | Side 23 |
| 10. Planar i Sula kommune..... | Side 24 |

1 Innleiing

For å vite kor vi skal, må vi vite kor vi er

Dette kunnskapsgrunnlaget har som mål å gi eit overblikk over status for kommunen, med utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter. Her kan du sjå ei rekke indikatorar for mellom anna befolkning, skule og utdanning, arbeids- og næringsliv, klima og energi, samferdsle, kultur og folkehelse.


Kunnskapsgrunnlaget skal vere eit underlag for kommunen sitt arbeid med overordna og langsiktig planlegging, først og fremst knytt til ny samfunnsplan. Hovudfokuset er statistikk for Sula kommune. I nokre tilfelle samanliknar vi oss med andre kommunar, fylket og heile landet. Dette for å bidra til eit breiare perspektiv på vår eiga utvikling.

2 Eit kunnskapsgrunnlag som bidreg til berekraftig samfunnsutvikling

Det går fram i dokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027* at regjeringa forventar at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for regional og kommunal planlegging.

Berekraftsmåla reflekterer tre dimensjonar: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Dette inneber at berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheitene for framtidige generasjonar. For å kunne gjere dette er vi avhengige av å samarbeide.

I utvalet av statistikk og tal til dette kunnskapsgrunnlaget har berekraftsmåla vore ein viktig premis. Kunnskapsgrunnlaget skal hjelpe oss å løfte blikket, styre i riktig retning og utvikle gode løysingar lokalt – og det er nettopp også dette berekraftsmåla skal gjere; utvikle gode løysingar lokalt, som òg bidreg globalt.



Kjelde: Stockholm Resilience Centre, bearbeidd av Viken fylkeskommune

Kjelde:

• Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027

3 *Kva skjer i Sula – oppsummering*

Kven er vi?

- Det er forventa ein vekst i folketalet i Sula framover mot 2050.
- Det vil vere ei utfordring å møte den aukande aldrande befolkninga samtidig som vi har ein låg del barn og unge.
- Det er fleire som flyttar inn til kommunen enn ut av kommunen.
- Innvandrarak utgjør 12,6 prosent av befolkninga i Sula. I hovudsak er det arbeid som er den største innvandringsgrunnen.

Kvar bur vi?

Areal

- Frå 2018 til 2023 økte folketalet i fire av dei fem bygdene i kommunen.
- Dei fleste bur i einebustader.
- Ei spreidd busetting med opphoping av eldre utanfor handels- og servicesone vil bidra til større press på tenestene i kommunen.
- Agenda Kaupang tilrår at kommunen nyttar bustadpolitiske verkemiddel og tettstadutvikling for å møte framtidutfordringane på ein berekraftig måte.
- Som ein del av Ålesundregionen, og å vere geografisk nærme Ålesund, gir kommunen både moglegheiter og «utfordringar».

Natur og miljø

- Det er venta ein auke i episodar med kraftig nedbør, regnflom, stormflo og jord, flom og sørpeskred.
- Klimaendringane kan bidra til store øydeleggingar på infrastruktur og eigedom. Kunnskap om fareområde er viktig for å førebyggje skader.
- Kommunen har ansvar for beredskap og krisehandtering viss noko skulle skje.
- Klimatilpassing, gode ROS-analyser og arealplanlegging er viktige verktøy.
- Kommunen har hovudansvar for å ta vare på jordressursane, og er sentral i arbeid med å ta vare på naturmangfaldet. Dette kan kome i konflikt med andre samfunnsinteresser.
- Kommunen har ansvar for å forvalte kulturminne og kulturmiljø i kommunen.

Samferdsle og infrastruktur

- Talet på elbilar aukar.
- PAKT slår fast at eit godt kollektivtilbod er avgjerande for å løyse dei trafikkale utfordringane i regionen, møte med folketalsveksten og nå nasjonale klimamål.
- Hurtigbåtsambandet Langevåg–Ålesund har gode konkurransevilkår samanlikna med alternative reisemåtar på strekninga.
- Det har vore ei jamn auke i tal på bussreiser frå Langevåg–Ålesund dei første månadene i 2024 samanlikna med tidlegare år.

Kva gjer vi?

Skule og utdanning

- Det er fleire elevar som går studieførebuaende utdanningsprogram i vidaregåande skule som gjennomfører opplæringa innan normert tid enn elevane som går yrkesfagleg utdanningsprogram.
- Del av befolkninga i kommunen med grunnskuleutdanning minkar. Del med universitets- og høgskuleutdanning aukar.
- Det er i industrisektoren og helse- og omsorgssektoren at flest personar må erstattast dei næraste åra.
- Framtidas behov for kompetanse vil bli prega av at det vil bli færre personar som skal løyse vare- og tenesteproduksjonen.

Næringsliv og sysselsetting

- Omtrent halvparten av dei sysselsette innbyggjarane i Sula arbeider i Ålesund.
- Sula kommune har ei arbeidsplassdekning på 63,5 prosent. Dette er lågt, men er typisk for kommunar som ligg tett på dei største byane i fylket.

Kultur, fritid og deltaking

- Besøkstala hos folkebiblioteket er på nivå med fylket, men lågare enn landet.
- Tal på arrangement har auka vesentleg frå 2022 til 2023.
- «Framtidas kulturskule» har vore eit satsingsområde for kommunen.
- Sula kommune har eit rikt lag- og organisasjonsliv. Dette er av stor verdi.
- Innbyggjarane i Sula er ei turglad befolkning. Samstundes kjem det òg innbyggjarar frå andre kommunar for å nytte turmoglegheitene som kommunen tilbyr.

Demokrati

- 34,5 prosent av medlemmane i kommunestyret er kvinner.
- Sula kommune har noko høgare valdeltaking enn fylket og landet.
- Valdeltakinga er høgast for innbyggjarar i aldersgruppa 67–79 år og lågast for dei i aldersgruppa 20–24 år.

Korleis har vi det?

- Folkehelseprofilen for 2023 viser at Sula ligg på landsnivået eller over på dei fleste indikatorar.
- Del personar og barn som lever i vedvarande låginntektsfamiliar ligg noko lågare enn samanlikna med fylket og landet.
- Elevundersøkinga viser at elevane i 7. trinn opplever at dei får god støtte frå lærarar og heimanfrå. Trivsel, motivasjon og meistring har gått noko ned.
- Det er ei høg grad av mobbing, også digital mobbing, i Sula. Kommunen ligg godt over landssnittet.
- 16,5 prosent av innbyggjarane i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet.
- Utgiftsbehovet knytt til helse og omsorg er venta å stige med 25 prosent frå 2022–2032.
- Det er behov for å ha eit sterkt fokus på førebyggjande arbeid og tidleg innsats for å dempe eller utsette behovet for helse- og omsorgstenester.

Kommunen sin økonomi

- Sett opp mot dei finansielle måltala i kommunen, er netto driftsresultat for lågt og gjelda for høg i budsjett- og økonomiplanperioden for 2024–2027. For å ha ein berekraftig økonomi er dette noko vi må arbeide med i åra framover.
- Den forventta veksten i kommunen si lånegjeld skuldast i hovudsak investering i nytt renseanlegg for vatn og avløp.


Samarbeid

- Det er i dag fleire ulike typar samarbeid på tvers av kommunegrensa og fagområde.
- Det er behov for større regionalt perspektiv i samarbeidet mellom kommunane.
- Det ligg store moglegheiter i samhandling og samskaping mellom offentlig sektor, sivilsamfunn og næringsliv.

4 Kven er vi?

A) Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2024 var det 9 785 innbyggjarar i Sula. Folketalet dei siste 10 åra (frå 2013 til 2023) har stige med om lag 15 prosent. Dette er den nest største prosentvise auvinga i befolkning av kommunane i Møre og Romsdal. Basert på befolkningsprognosar frå SSB er det forventa ein vekst i folketalet i Sula framover mot 2050. Dette gjeld både ved berekning av hovud-, lav- og høgalternativet til SSB.



Det er fleire forhold som påverkar folketalet: fødsjar, innanlands til- og fråflytting og innvandring. Tal på fødsjar og framskriving av barnetal er den mest usikre prognosen ein har i ei beskriving av demografi i ein kommune. Fødselstalet er avhengig av mange faktorar: arbeidsmarknaden og tilrettelegging av bustadutbygging er nok dei mest sentrale.

B) Befolkningsmansetting

Samansettinga av befolkninga når det gjeld aldersfordeling er for Sula i stor grad som for resten av landet: låge fødselstal, særleg det siste tiåret, er med på å forsterke endringane i befolkningsmansettinga når det gjeld aldersfordeling. Dei store fødselskulla etter 2. verdskrig og utover 50-talet har blitt pensjonistar og vil innan få år passere 80 år.

Kjelder:

- SSB-tabell 13600: Framskrevet folkemengde
- SSB-tabell 12882: Framskrevet folkemengde
- Fylkesstatistikk 2023
- Sula kommune helsestasjon

| | 2024 | Endring 2024–2034 | Endring 2024–2044 |
|-------------------|--------------|-------------------|-------------------|
| 0–5 år | 671 | +30 | +61 |
| 6–15 år | 1 411 | –210 | –129 |
| 16–19 år | 505 | +34 | –41 |
| 20–66 år | 5 697 | +483 | +505 |
| 67–79 år | 1 086 | +139 | +367 |
| 80 år eller eldre | 415 | +253 | +509 |
| Sum | 9 785 | +729 | +1 272 |

Tabellen over viser kor mange fleire eller færre innbyggjarar kommunen vil ha i ulike aldersgrupper i 2034 og 2044 samanlikna med 2024. Dette er basert på SSB sitt hovudalternativ. Desse tala kan mellom anna seie oss kor mange barnehagebarn, barneskulebarn og ungdomsskuleelevar vi kan forvente å få i kommunen dei neste åra.

4,2 prosent av innbyggjarane i Sula er i dag 80 år eller eldre. Dette er den lågaste delen i fylket. Likevel vil det vere ei auke i den eldste aldersgruppa dei komande åra. Samstundes aukar forventa levealder for både kvinner og menn noko tabellen nedanfor viser. Det vil i Sula kommune, som for alle kommunar, vere ei utfordring å møte den aukande aldrande befolkninga samtidig som vi har ein låg del barn og unge.

| | 2023 | 2033 | 2038 |
|----------------------------|---------|---------|---------|
| Forventa levealder menn | 83,2 år | 85,3 år | 86,2 år |
| Forventa levealder kvinner | 85,5 år | 87,3 år | 88,1 år |


C) Fødsjar

2022 vart eit år med historisk låge fødselstal, både nasjonalt og regionalt. Som følgje av høg dødelegheit og få fødsjar var det i 2022 for første gong i nyare tid fødselsunderskot i fylket. Det vil seie at det døydde fleire personar enn det vart født. For Sula er det framleis fødselsoverskot, men dette vart kraftig redusert i 2022 samanlikna med 2020 og 2021.

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Tal fødde | 92 | 99 | 104 | 95 |
| Fødselsoverskot | – | 36 | 38 | 23 |

D) Personar i yrkesaktiv alder

Talet på personar i yrkesaktiv alder (20–64 år) per eldre over 65 år vil dei komande åra bli sterkt redusert. I 2023 var det 3,2 personar i yrkesaktiv alder per eldre over 65 år, medan det i 2038 er forventa at dette talet vil vere redusert til 2,5 personar.



Forventa tal på personar i yrkesaktiv alder vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester, til dømes innan helse, pleie og omsorg, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Det vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

E) Flyttemønster

Det er fleire som flyttar inn til kommunen enn ut av kommunen. I 2022 var nettoflyttinga på 68 personar, av dette var det 34 innanlandsk og 34 utanlandsk tilflytting.


Figuren nedanfor viser nettoflytting med andre kommunar i perioden 2018–2022. Den viser at den største netto tilflyttinga har vore frå Ålesund; det vil seie at fleire personar har flytta frå Ålesund til Sula enn frå Sula til Ålesund. Det er til Oslo og Bergen at flest personar har flytta frå Sula i same periode.




F) Innvandring

I 2023 utgjer innvandrarbefolkninga 12,6 prosent av befolkninga i Sula. Dette er ei auke frå 8,8 prosent sidan 2013. Den største delen av innvandarane kjem frå Polen, dernest Litauen.


Figuren nedanfor syner tal på innvandrarakter etter landbakgrunn (10 største land).



Figuren nedanfor viser at arbeid er den største innvandringsgrunnen med 41 prosent i 2023.



Figuren nedanfor viser aldersinndelinga for innvandrarbefolkninga i Sula kommune ved inngangen av 2023. Den viser at den største delen av innvandarane er mellom 20–66 år.




Kjelder:

- Kommunestatistikk 2023 utarbeida av fylkeskommunen
- Fylkesstatistikk 2023
- IMDi: Fakta om integrering i Sula kommune

G) Samansetting av hushald


Tal frå SSB syner at frå 2013 til 2023 har det vore størst endring i tal på åleinebuande og par utan heimebuande barn. Auka i tal på åleinebuande er ein trend også i heile landet. Fylkeskommunen trekk parallellar mellom det å bu åleine og einsemd, og viser i sin fylkesstatistikk for 2023 at einsemd eit aukande folkehelseproblem.



5 Kvar bur vi?


A) Areal

Skog og open fastmark utgjer 80 prosent av arealet i kommunen, medan bebygd areal utgjer 10,4 prosent. Med bebygd areal meinast alle typar busetnader, konstruksjonar og permanent opparbeidd overflate og tilhøyrande areal.



i) Busetting

Illustrasjonen nedanfor viser kor bustader og fritidsbustader er lokalisert i kommunen.




Frå byrjinga av 2018 til byrjinga av 2023 økte folketalet i fire av dei fem bygdene i kommunen.

| | 2018 | 2023 | Endring 18–23 |
|-------------------|--------------|--------------|---------------|
| Langevåg | 4 781 | 5 062 | 281 |
| Fiskarstrand | 1 443 | 1 463 | 20 |
| Mauseidvåg/Eikrem | 978 | 995 | 17 |
| Solavåg | 1 727 | 1 914 | 187 |
| Veibust/Kvasnes | 193 | 192 | -1 |
| Totalt | 9 122 | 9 626 | 504 |

Kjelde:

• Kommunestatistikk 2023 utarbeida av fylkeskommunen

SSB har fordelt bygningstype ved inngangen til 2024 for Sula kommune. Denne viser at den største delen bustader i kommunen er einebustader.



Det er 102 fritidsbustader i kommunen i 2022. Dette talet har vore stabilt dei siste åra, men Sula er ein av kommunane i fylket med størst prosentvis auke i fritidsbustader sidan 2014.

ii) Bustadomsetning og prisutvikling

I 2022 vart det omsett 183 bustader og 5 fritidseigedomar. Den gjennomsnittlege kjøpesummen per omset bustad var 3,3 mill. kroner. Den gjennomsnittlege bustadprisen auka med 9,2 prosent frå 2021 til 2022.


| | 2020 | 2021 | 2022 |
|----------------|------|------|------|
| Bustad | 174 | 160 | 183 |
| Fritidseigedom | 13 | 7 | 5 |

Tilbodet av bustader og ikkje minst etterspørselen etter bustader er avgjerande for prisane i bustadmarknaden. Ferdigstilling av nye og kostbare bustadprosjekt kan vere med på å drive gjennomsnittsprisen opp.

Kjelder:



- SSB-tabell 06265: Boliger, etter bygningstype
- Fylkesstatistikk 2023
- SSB-tabell 06035: Selveierboliger
- Heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp i Sula kommune

Grafen nedanfor er basert på gjennomsnittleg kvadratmeterpris for sjølvveigarbustader som vart omsett i perioden 2020–2023. Den viser at bustadprisane i Sula har hatt ei jamn utvikling gjennom dei siste åra. I 2023 låg den gjennomsnittlege kvadratmeterprisen på 31 605 kroner.



iii) Framtidas busettingsbehov

På oppdrag frå Sula kommune har Agenda Kaupang utarbeida ei analyse knytt til bustadbehov, tett kopla til endringar i demografi. Dei viser til at gode bustader med nærleik til handels- og servicesone styrker eldre innbyggjarar sine moglegheiter til å klare seg sjølv og leve gode og sjølvstendige liv. I den første illustrasjonen nedanfor vises eit kartutsnitt markert i blått med det SSB definerer som handels- og servicesone i Sula. Dette viser at det berre er éi sone, i Langevåg, som kjem under denne definisjonen. Den andre illustrasjonen nedanfor viser kor del av befolkninga over 80 år per grunnkrets er busett. Agenda Kaupang viser til at delen busette over 80 år i liten grad er knytt til handels- og servicesona.



Agenda Kaupang viser til at ei spreidd busetting med opphoping av eldre utanfor handels- og servicesone vil bidra til større press på tenestene i Sula kommune i dag, og ikkje minst i framtida. Agenda Kaupang tilrår at kommunen nyttar bustadpolitiske verkemiddel og tettstadsutvikling for å møte framtidsutfordringane på ein berekraftig måte.

Samstundes er Sula kommune som ein del av Ålesundregionen eit vesentleg poeng når det gjeld vurdering av framtidens busettingsbehov. Å vere geografisk nærme Ålesund gir både moglegheiter og «utfordringar» også innan andre område enn bustadsutvikling, mellom anna kultur, sørvisnæringar, tenester og kollektivtilbod.

Vi blir påverka av, og må ta omsyn til, beslutningar som blir tatt i Ålesund. Eit døme på dette er dersom det blir vedtatt at det skal bli oppretta barnehagar som ligg i nærleiken av Sula. Mange av innbyggjarane i Sula arbeider i Ålesund. For dei som har barn som går i barnehage kan det vere aktuelt å søke på ein barnehage i Ålesund dersom det ikkje er ledig plass på ein barnehage i Sula som er lokalisert mellom bustad og arbeidsstad.

iv) Tettstadsutvikling

Sentraliseringstrenden er synleg både regionalt og lokalt. Sula er i konkurranse med andre byar og tettstader for å få folk til å busette seg her.


Dokumentet *Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2020* utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune nemner mellom anna følgjande hovudtrekk knytt til tettstadutvikling:

- Småbykvalitetar og nærleik til natur og daglege funksjonar er ein kvalitet som er viktig for tilbakeflyttarar.
- Ein mindre tettstad eller småby i fylket vil ikkje kunne konkurrere på lik fot med større byar. Strategien må vere å tilby andre kvalitetar. Det kan kanskje handla om å utvikla stader med «miniurbane» landsby- eller småbykvalitetar der det er trygge, inkluderande og inspirerande miljø prega av samarbeid og tillit.
- Moglege tilbakeflyttarar er redde for at fagmiljøa er små og arbeidsmarknaden snever.
- Etterspørselen etter opplevingar, aktivitetar og kultur aukar. Turisme er eit potensielt utviklingsområde.
- Der næringsaktørar og gründerar er tett på kvarandre, skjer innovasjon raskare.
- Val av bustad er ikkje berre styrt av arbeidsmarknaden, men også av preferansar som bustadmiljø, familie og kultur- og aktivitetstilbod.
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er ein nøkkel.

B) Natur og miljø

i) Klimagassutslipp

Fordeling av klimagassutslipp




Statistikken viser klimagassutslipp innanfor kommunens geografiske område, og følger de samme prinsippene og sektorinndelingene som det nasjonale regnskapet, som igjen følger FN's klimapanel (IPCC) sin standard.

Kilde: [Kommunefordelt utslippsstatistikk fra Miljødirektoratet](#)

Data hentet 13.05.2024

Historiske utslipp og utslippsmål



Grafen viser historiske klimagassutslipp for Sula samt utslippsmål for 2030 og 2050 forutsatt at kommunen skal oppfylle sin del av nasjonale mål.

Kilde: [Kommunefordelt utslippsstatistikk fra Miljødirektoratet](#)

Data hentet 13.05.2024

Kjelder:

- Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal fram mot 2030
- Klimarisiko

ii) Framtidas klima – moglegheiter og utfordringar

Norsk Klimaservicesenter har utarbeida ein klimaprofil som seier noko om kva for klimaendringar ein kan forvente i Sula og andre kommunar i Møre Romsdal fram mot slutten av århundret. Kommunen kan nytte klimaprofilen i planleggingsarbeid når det gjeld mellom anna sikkerheit, beredskap og infrastruktur. Til dømes kan økt sannsynlegheit for kraftig nedbør vere eit godt argument for å prioritere handtering av overvatn.



I dokumentet *kunnskapsgrunnlag for fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023–2026* peiker Møre og Romsdal fylkeskommune m.a. på desse moglegheitene og utfordringane:

- Arealplanlegging er det viktigaste verktøyet for klimatilpassing, og heilskapleg planlegging er avgjerande for å lykkast.
- ROS-analyser er ein viktig del av arbeidet knytt til klimatilpassing.
- Klimaendringane gjer at vi står i fare for å miste viktige kulturmiljø, både som følge av hyppigare ekstremvær, råte og kjemisk nedbryting.
- I Møre og Romsdal har vi eit godt utgangspunkt for mange artar og naturtypar.
- Det er eit stort potensial for energieffektivisering i norske bygg.
- Offentlege anskaffingar er eit sentralt verkemiddel i den grøne omstillinga.

- Både innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og offentlege verksemdar kan redusere utslepp og sikre meir miljøvenlege løysingar i kvardagen.
- Sirkulærøkonomi med gjenbruk, gjenvinning og ressursutnytting har stort potensiale, men er utfordrande.
- Berekraftig og klimavennleg matproduksjon på land og i sjøen må vidareutviklast.
- Den venta auken i behov for elektrisitet i kombinasjon med svakt transmisjonsnett og lite ny produksjonskapasitet gjer det utfordrande å elektrifisere og etablere ny industri i fylket.
- Det er viktig å sette søkelys på klimakommunikasjon, og arbeide med involvering, bevisstgjerings og engasjement.
- Kompetanseheving og kunnskapsutvikling, både kommunalt og samarbeid regionalt og med andre instansar, er ein viktig pådrivar mot det grøne skiftet.

iii) Naturmangfald

Menneske er avhengig av eit berekraftig naturmangfald med eit berekraftig artsmangfald for å kunne overleve på jorda. Kommunane har gjennom plan- og bygningslova hovudansvaret for å disponere areala i Noreg.

Miljødirektoratet viser til at områder som har ein viktig funksjon for naturmangfald, kan tas omsyn til på ein systematisk måte gjennom arealplanlegging.

Det er fem naturvernområde i Sula kommune:

- Djupvikvatnet – Kringlevatnet (naturreservat, annan fredning)
- Raudnesvika (naturreservat)
- Sulesund (naturreservat)
- Solevågshjellet (naturreservat)
- Vegsundholmane – Veibustholmen (naturreservat)

Kjelder:

- Klimaprofiler for Møre og Romsdal
- Kunnskapsgrunnlag for fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023–2026
- Miljødirektoratet naturbase

iv) Kulturminne og kulturmiljø


Kommunen har ansvar for å forvalte kulturminna og kulturmiljøa sine. *Kulturminne* er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. *Kulturmiljø* er eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

På Kulturminnesok.no er det registrert 181 kulturminne i kommunen. 91,7 prosent av desse er arkeologiske minne, og dei fleste av desse er freda.

C) Samferdsle og infrastruktur

i) Bilparken

Talet på bilar totalt i kommunen har vore jamt dei siste åra. Talet på elbilar i kommunen aukar. I kommunen er det to ladestasjonar som kan bli nytta av alle (utan at det er krav om å vere kunde i butikk, tilsett i ei bestemt bedrift osv.).



ii) Veg

Vegnettet i Sula består av 56 km kommunal veg, 11 km kommunal fortau- og gang- og sykkelveg, samt anslagsvis 65 km private vegar. Hovudvegnettet i kommunen er samansett av fylkesveg og europaveg, der europavegen utgjør ei strekning på 5,7 km frå Vegsundbrua til Sunde ferjekai, og fylkesvegen utgjør 18,8 km frå Solavågseidet til Langevåg og Sulesund.

Sula har ein høg del kommunale vegar med fast dekke og med belysning. I kommunen sin trafikktryggingssplanen for 2015–2020 er målet at alle barn skal ha ein trygg skuleveg.

I følgje plan for areal, klima og transport i Ålesundregionen (PAKT) har biltrafikken i regionen vakse kraftig i perioden 2005–2019. Dette gjeld både trafikk på hovudvegnettet i regionen, men også på vegar i utkanten av byområdet. Til dømes auka talet på bilar (ÅDT) på fylkesveg 657 på Fiskarstrand med 52 prosent frå 2005–2019.

Forventa folketalsauke, vekst i næringslivet og auka netthandel med tilhøyrande varelevering vil innebære auka godstransport inn og ut av regionen, og auka nyttetraffic internt. PAKT slår fast at eit vegsystem med tilstrekkeleg kapasitet og god framkomelegheit er avgjerande for god regionutvikling. Konsentrert arealbruk knytt til knutepunkt og senterområde, og auka satsing på kollektiv, sykkel og gange vil avlaste vegsystemet. Restriktive tiltak er likevel nødvendig.

iii) Sykkel

Noreg har eit langsiktig mål om at sykkelandelen skal vere åtte prosent av alle reiser. I tillegg er det eit mål at 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. I Sula kommune er tre km av vegane med kommunalt ansvar tilrettelagt for sykkel. Det er ingen faste tellepunkt for sykkel- og gangtrafikk i kommunen, og difor vanskeleg å seie noko om utviklinga over tid.

Det er etablert eit sykkelhotell på Lerheimkaia i Langevåg.

iv) Kollektivtilbod

PAKT slår fast at eit godt kollektivtilbod er avgjerande for å løyse dei trafikkale utfordringane i regionen, møte folketalsveksten og nå nasjonale klimamål. Eit moderne og effektivt kollektivtilbod vil knyte regionen betre saman, og vil møte behova til den yngre generasjonen, som etterspør eit godt kollektivtilbod. Eit godt kollektivtilbod heng saman med eit godt passasjergrunnlag. Arealpolitikken bør forsterke kollektivsystemet ved at bustader og arbeidsplassar blir lokalisert til areal med god kollektivdekning.

Kollektivtilboda i Sula består av buss og hurtigbåt mellom Langevåg og Ålesund sentrum. I følge PAKT har hurtigbåten om lag 165 000 reisande årleg. Knytt til PAKT blei det utarbeida ei transportfagleg vurdering av NTNU av ulike båttruter. Ein konklusjon herfrå er at sambandet Ålesund sentrum-Langevåg framstår med potensielt gode konkurransevilkår samanlikna med alternative reisemåtar på strekninga. Rapporten viser til at dagens etablerte hurtigbåt har fanga ein betydeleg del av reisemarknaden. Rapporten viser til at bilalternativet (frå Langevåg/Molvær til Ålesund sentrum) tar om lag fire gongar så lang tid som hurtigbåten i dag, og at det ikkje finnast andre reelle konkurrentar på strekninga.

Når det gjeld buss på Sula så er det busstrekninga mellom Langevåg-Fiskarstrand-Moa-Ålesund som har flest reisande. I 2023 har fylkeskommunen registrert 226 441 reiser på denne strekninga. Dette er på same nivå som i 2022 (då det var ei periode på to månadar med gratisbuss i Ålesund, Giske og Sula). I løpet av dei første månadane av 2024 melder fylkeskommunen at dei ser ei jamn auking i tal på bussreiser.

Kjelder:

- Kulturminne i kommunen
- Plan for areal, klima og transport i Ålesundregionen (PAKT)

6 *Kva gjer vi?*

A) Skule og utdanning

i) Barnehagar og grunnskule

Det er fire kommunale og fire private barnehagar i Sula kommune, med om lag 570 barnehageborn per april 2024. I tillegg er det ein open barnehage i kommunen.

Kommunen har tre barneskular og ein ungdomsskule. Alle er kommunale. Kommunen har tre skulefritidstilbod (SFO). Det er om lag 350 born i SFO-tiltaka per april 2024.

Kommunen har eit pedagogisk læringscenter, Sula vaksenopplæring, som mellom anna tilbyr grunnskule for vaksne, norsk med samfunns-kunnskap for vaksne flyktingar og innvandrarakar, og introduksjons-ordning for flyktingar og innvandrarakar. Kommunen har samarbeid med Ålesund kommune når det gjeld norskopplæring for innvandrarakar og grunnskuleopplæring for vaksne.

ii) Vidaregåande skule

Det er ingen vidaregåande skule i Sula kommune. Nær alle elevar frå Sula som går på vidaregåande skule, gjer dette i Ålesund.

For 2016-kullet gjennomførte 89,4 prosent opplæring innan fem/seks år etter dei starta i vidaregåande opplæring (seks år for yrkesfaglege utdanningsprogram). Dette er det fjerde høgste snittet i fylket. Elevane som gjekk studieførebuande utdanningsprogram hadde ein gjennomføringsprosent på 98,7, medan elevane som gjekk yrkesfaglege utdanningsprogram hadde ein gjennomføringsprosent på 76,8 prosent.

Kunnskapen og det grunnlaget som blir lagt i grunnskulen, er avgjerande for korleis elevane klarar seg i vidaregåande opplæring. Kor mange grunnskulepoeng elevane har ved avslutning av grunnskulen har mykje å seie for gjennomføringa av den vidaregåande skulen. Dette er ikkje unaturleg, då grunnskulepoenga i stor grad indikerer den enkelte elev sine føresetnader for læring.

For elevane som går ut av grunnskulen med 50 poeng eller fleire, er gjennomføringa for elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2016 så høg som 98,7 prosent på fylkesnivå. I gruppa elevar som har mellom 10–29 grunnskulepoeng gjennomfører berre 44,9 prosent den vidaregåande skulen.

iii) Utdanningsnivå i befolkninga

Utdanningsnivået i befolkninga aukar: del av befolkninga i kommunen med grunnskuleutdanning minkar, medan del av befolkninga med universitets- og høgskuleutdanning aukar.

iv) Framtidig kompetansebehov

Fylkeskommunen viser i sin fylkesstatistikk for 2023 til at dei store fødselskulla på 50- og 60-talet vil dei neste 10–15 åra pensjonere seg og må erstattast av ny kvalifisert arbeidskraft. Talet på personar i yrkesaktiv alder vil i same periode gå mykje tilbake, som følgje av lågare fødselstal dei siste tiåra. Det blir med andre ord færre personar som skal løyse vare- og tenesteproduksjonen i åra som kjem.

Det er i industrisektoren og helse- og omsorgssektoren at flest personar må erstattast dei næraste åra. I 2022 var 7 066 personar av dei sysselsette i helse- og omsorgssektoren i fylket over 55 år, tilsvarande var det i industrien 4 981 personar i same aldersgruppe.

Trendane som er nemnd ovanfor gjeld også i stor grad for Sula kommune når det gjeld framtidig kompetansebehov.

I tillegg er det eit vesentleg moment at pensjonssystemet er endra, og den som står lenger i arbeid vil bli «premiert» med høgare årleg pensjonsutbetaling. Tanken bak dette er å få ned pensjonsutgiftene og få fleire til å stå lenger i arbeid. Sysselsette over 67 år er allereie ein viktig ressurs for arbeidslivet, og denne gruppa er det viktig å ta med seg i vidare planlegging.

Kjelder:

- Kommunestatistikk 2023 utarbeida av fylkeskommunen
- Fylkesstatistikk 2023

B) Næringsliv og sysselsetting


i) Arbeidsplassdekning og pendling

46,8 prosent av sysselsette innbyggerane i Sula arbeider i Ålesund. Dette tilsvarer 2 931 personar. 2 038 personar både bur og arbeider i Sula. Tala er frå 4. kvartal 2022.

For same periode kom det 1 121 personar som bur i andre kommunar, til Sula for å arbeide. Av dette bur dei aller fleste, 868 personar, i Ålesund.

Sula har ei arbeidsplassdekning på 63,5 prosent. Denne prosentdelen blir vurdert som låg, og er typisk for fleire kommunar som ligg tett på dei største byane i fylket, der mange pendlar inn til arbeidsmarknaden i byane. Til samanlikning har Ålesund ei arbeidsplassdekning på 106,7 prosent og Giske har 61,7 prosent.

ii) Næringsstruktur



Sekundærnæringar, sørvisnæringar og helse- og sosialtenester er dei største næringsgruppene i Sula kommune i 4. kvartal 2022.

I sekundærnæringar inngår industri, bygg og anlegg og kraft og vassforsyning. I sørvisnæringar inngår varehandel, hotell og restaurant, samferdsel og finans- og forretningsmessig tenesteyting.

Kjelder:

- Kommunestatistikk 2023 utarbeida av fylkeskommunen
- Fylkesstatistikk 2023
- SSB-tabell 10308: Virksomheter
- SSB-tabell 11758: Aktivitet i folkebibliotek

iii) Størrelse på verksemder

| | 2014 | 2024 |
|----------------------|------------|------------|
| Ingen tilsette | 356 | 527 |
| 1–4 tilsette | 137 | 117 |
| 5–9 tilsette | 55 | 51 |
| 10–19 tilsette | 29 | 41 |
| 20–49 tilsette | 28 | 32 |
| 50–99 tilsette | 7 | 12 |
| 100–249 tilsette | 2 | 4 |
| 250 tilsette og over | 0 | 0 |
| Sum alle | 614 | 784 |

Ved inngangen til 2024 var det registrert 784 verksemder i kommunen. Fire av desse har over 100 tilsette. Det kan vere fleire verksemder i eit føretak, og det er færre føretak enn verksemder i kommunen. Når Sula kommune ikkje står oppført med over 250 tilsette skuldast dette at tala er henta frå underverksemder. Skulane og barnehagane er døme på underverksemder til Sula kommune.

C) Kultur, fritid og deltaking

i) Ung i Sula

Det finnst fleire tilbod til unge i Sula: Donken fritidsklubb, Utekontakt, Ungdomsrådet, Kulturskulen, helsestasjon for ungdom, musikkbinge og open hall.

ii) Bibliotek

| | 2022 | 2023 |
|---------------------------------|--------|--------|
| Antal besøkande | 26 128 | 26 550 |
| Antal besøkande per innbygger | 3 | 3 |
| Antal arrangement | 60 | 96 |
| Antal deltakarar på arrangement | 2 613 | 2 826 |

Sula kommune har eitt folkebibliotek. Besøkstalet har gått noko opp frå 2022 til 2023. Besøkstala i kommunen er på nivå med fylket, men lågare enn landet. Ein ser at i kommunar med nye biblioteklokal og meir open løysing, har også talet på besøkande auka.

Tal på arrangement har auka vesentleg frå 2022 til 2023. Arrangement på biblioteket er eit viktig tiltak for at biblioteket skal kunne fylla si rolle som ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

iii) Kulturskule

| | 2021 | 2022 | 2023 |
|--|--------|--------|--------|
| Antal elevar i kulturskulen | 211 | 205 | 215 |
| Antal plassar i kulturskulen | 250 | 244 | 247 |
| Del barn 6–15 år i kulturskulen | 13,9 % | 14,3 % | 13,7 % |
| Del barn 6–15 år som står på venteliste til kulturskulen | 6,8 % | 8,1 % | 10,1 % |

Det følger av opplæringslova at alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod, og «framtidens kulturskule» har vore eit satsingsområde for Sula kommune. I 2022 fekk kommunen på plass Kulturkarusell for alle 3. klassingar på Sula. Kommunen er i førarsete når det gjeld samhandling med kultur, noko vi har fått til mellom anna ved å inkludere kulturskulen i kommunen sin digitale satsing.

iv) Frivillige lag og organisasjonar

Sula kommune har eit rikt lag- og organisasjonsliv, og fleire innbyggjarar er engasjert i frivillig arbeid. Innsatsen dei gjer har stor verdi både for enkeltmenneske og samfunnet. Det er vanskeleg å talfeste eksakt tal på frivillige lag og organisasjonar i kommunen, men i Friskus aktivitetskalender, som gir ein god peikepinn, er det 72 registrerte per april 2024.

v) Stikk UT!

| | Sommar 2023 |
|--|-------------|
| Antal aktive brukarar i kommunen | 1 611 |
| Antal registreringar på turmål i kommunen av innbyggjarar i Sula | 35 366 |
| Antal Stikk UT!-turmål i kommunen | 15 |
| Antal totale registreringar på turmåla i kommunen | 57 186 |

Stikk UT! er eit samarbeid mellom dei to friluftsråda i fylket, frivillige, idrettslag, grunneigarar, og blir leia av kvar kommune sin Stikk UT!-kontakt. Innbyggjarar i Sula er ei turglad befolkning og er ivrige Stikk UT!-brukarar. Samstundes kjem det òg innbyggjarar frå andre kommunar for å nytte turmoglegheitane som kommunen tilbyr. Sommaren 2023 vart det gjort 57 186 registreringar på dei 15 turmåla i kommunen. Av dette vart om lag 62 prosent gjort av innbyggjarar frå Sula, noko som betyr at det kjem mange frå andre kommunar og nyttar turtilboda i Sula.

Kjelder:

- SSB-tabell 12061: Kommunale kulturskoler
- Friskus Sula
- Stikk UT

D) Demokrati

i) Kommunestyret

| Parti | Tal medlemmer | Parti | Tal medlemmer |
|-----------------|---------------|-----------|---------------|
| FrP | 9 | Sulalista | 3 |
| Høgre | 6 | SV | 1 |
| Arbeiderpartiet | 6 | Venstre* | 1 |
| KrF | 3 | | |

* i perioden 2019–2023 hadde Venstre/MDG felles liste, dei hadde ein representant i kommunestyret.

I Sula kommune er det etter valet i 2023 totalt sju politiske parti i kommunestyret, med totalt 29 representantar. 65,5 prosent av representantane er menn, 34,5 prosent er kvinner.

ii) Valdeltaking

| | Sula kommune | Møre og Romsdal | Heile landet |
|----------------------|--------------|-----------------|--------------|
| Kommunestyreval 2023 | 66,3 % | 63,0 % | 62,4 % |
| Fylkestingsval 2023 | 59,5 % | 56,6 % | 57,5 % |
| Stortingsval 2021 | 78,3 % | 77,6 % | 77,2 % |

Både i siste kommunestyre-, fylkestings- og stortingsval har Sula kommune hatt noko høgare valdeltaking enn snittet for fylket og landet.

| | 18–19 år | 20–24 år | 25–44 år | 45–66 år | 67–79 år | 80 år el. eldre | Totalt |
|------|----------|----------|----------|----------|----------|-----------------|--------|
| 2019 | 54,7 % | 44,7 % | 52,9 % | 69,3 % | 80,8 % | 57,5 % | 62,0 % |
| 2023 | 63,9 % | 48,4 % | 57,4 % | 73,3 % | 83,7 % | 57,9 % | 66,3 % |

Valdeltakinga har ved dei to siste kommunestyrevala vore høgast for innbyggjarar i aldersgruppa 67–79 år og lågast for dei i aldersgruppa 20–24 år.

iii) Faste råd for medverknad

Gjennom kommunelova skal alle kommunar ha ungdomsråd, eldre-råd og råd for personar med nedsett funksjonsevne. Råda skal bidra til å sikre ei brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som er aktuelle og relevant for dei ulike gruppene. Til dømes skal Ungdomsrådet vere eit talerøyr for ungdom i Sula.

iv) Ivaretaking av barn og unge sine interesser

Alle kommunar skal ivareta omsyn til barn og unge i planlegging, og har ei lovpålagt ordning der ein talsperson følger opp ansvaret.

Talspersonen er fristilt kommunedirektøren sin instruksjonsmynde ved lovbestemte faglege gjeremål og er politisk uavhengig. Barn og unge sin representant er ved inngangen til 2024 tilsett ved rådhuset.

7

Korleis har vi det?

A) Folkehelseprofilen for Sula 2023

Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landst. I figuren og talkolonane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no>, finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▬ Dei ti beste kommunane i landet

| Tema | Indikator (klikkbare indikatornamn) | Kommune | Fylke | Noreg | Eining (*) | Folkehelsebarometer for Sula |
|--------------------------|--|---------|-------|-------|-------------------|------------------------------|
| Befolkning | 1 Andel barn, 0-17 år | 24,3 | 20,4 | 20,3 | prosent | |
| | 2 Andel unge eldre, 65-79 år | 13,0 | 15,7 | 13,9 | prosent | |
| | 3 Andel over 80 år | 4,2 | 5,2 | 4,5 | prosent | |
| | 4 Andel 80 år+, framskriven til 2050 | 9,3 | 11,6 | 10,4 | prosent | |
| | 5 Personar som bur aleine, 75 år + | 38,2 | 40,8 | 42,0 | prosent | |
| | 6 Befolkningsvekst | 0,93 | 0,95 | 1,2 | prosent | |
| Oppvekst og levekår | 7 VGS eller høgare utdanning, 30-39 år | 82 | 80 | 81 | prosent | |
| | 8 Vedvarande låginntekt, alle aldre | 7,0 | 8,5 | 9,8 | prosent | |
| | 9 Ulikskap i inntekt, P90/P10 | 2,4 | 2,6 | 2,8 | - | |
| | 10 Leiger bustad, 45 år + | 11,2 | 11,7 | 12,4 | prosent | |
| | 11 Bur trongt, 0-17 år | 12 | 13 | 18 | prosent | |
| | 12 Gjeld større enn 3 gonger inntekt | 21,1 | 17,1 | 20,8 | prosent | |
| | 13 Unge som står utafør, 15-29 år | 8,3 | 8,8 | 9,5 | prosent (a,k) | |
| | 14 Stønad til livsopphald, 20-66 år | 15,8 | 16,8 | 17,4 | prosent (a,k) | |
| | 15 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr. | 33 | 27 | 24 | prosent (k) | |
| | 16 Gjennomføring i vdg. opplæring | 84 | 82 | 80 | prosent (k) | |
| | 17 Høg tilfredsheit, Ungdata 2021 | 51 | 50 | 49 | prosent (a,k) | |
| Miljø, skadar og ulykker | 18 Valdeltaking | 66,3 | 63,0 | 62,4 | prosent | |
| | 19 Drikkevatt, hygienisk og stabilt | 0,0 | 84,2 | 93,4 | prosent | |
| | 20 Luftforureining, eksponert (ny def.) | 0 | 0,5 | 46 | prosent | |
| | 21 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2021 | 90 | - | 85 | prosent (a,k) | |
| | 22 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2021 | 57 | - | 60 | prosent (a,k) | |
| Helse-relatert atferd | 23 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år | 30 | 29 | 28 | prosent (k) | |
| | 24 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2021 | 48 | - | 49 | prosent (a,k) | |
| | 25 Røyking, kvinner | - | 2,4 | 2,4 | prosent (a) | |
| Helsestatus | 26 Forventa levealder, menn | 81,5 | 80,8 | 80,3 | år | |
| | 27 Forventa levealder, kvinner | 84,2 | 84,6 | 84,0 | år | |
| | 28 Utd.forskjell i forventa levealder | 4,5 | 4,2 | 5,1 | år | |
| | 29 Overvekt og fedme, 17 år | 23 | 24 | 22 | prosent (k) | |
| | 30 Psykiske sympt./lidingar, 0-74 år | 191 | 165 | 168 | per 1000 (a,k) | |
| | 31 Muskel og skjelett, 0-74 år | 356 | 341 | 313 | per 1000 (a,k) | |
| | 32 Hjarte- og karsjukdom | 15,8 | 16,9 | 17,2 | per 1000 (a,k) | |
| | 33 Tjukk- og endetarmskreft, nye tilfelle | 97 | 95 | 84 | per 100 000 (a,k) | |
| | 34 Vaksinasjonsdekning, influensa, 65 år | 63,5 | 62,3 | 62,3 | prosent | |

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkinga manglar. Les om moglege årsaker til at tal frå Ungdataundersøkinga manglar [her](#).

Kjelde:

• Folkehelseprofil 2023

B) Folkehelseoversikta

Folkehelseoversikta til Sula kommune frå 2021 peiker på m.a. på dette som nokre av kommunen sine utfordringar: tal på barn i hushald med vedvarande låginntekt aukar, overvekt og fedme er ei aukande utfordring, auke i tal på personar med demens i åra framover, og del personar med psykiske symptom er aukande.

Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnanne er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I [Kommunehelse statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

C) Oppvekstprofil

Oppvekstprofilen viser nokre av styrkane og utfordringane til kommunen, og kan brukast i planarbeidet for barn og unge og deira oppvekstmiljø. Indikatorane er valde med tanke på å fremje oppvekstmiljøet for barn og unge, og må tolkast i lys av annan kunnskap om lokale tilhøve. Tema for oppvekstprofilen i 2022 var betydninga av sosiale forskjeller for barn si helse og oppvekst.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▬ Dei ti beste kommunane i landet

| Tema | Indikator (klikkbare indikatornamn) | Kommune | Fylke | Noreg | Eining (*) | Oppvekstbarometer for Sula |
|-----------------------|---|---------|-------|-------|----------------|----------------------------|
| Befolkning | 1 Andel barn, 0-17 år | 24,3 | 20,4 | 20,3 | prosent | |
| | 2 Innvand. og norskf. med innv.foreldre | 13,5 | 16,0 | 21,0 | prosent | |
| | 3 Barn i fam. m/vedvarande låg inntekt | 6,9 | 8,6 | 11 | prosent | |
| Levekår | 4 Barn i familiar som mottek sosialhjelp | 2,5 | 5 | 6,3 | prosent | |
| | 5 Bur trangt, 0-17 år | 12 | 13 | 18 | prosent | |
| | 6 Barn med barnevernstiltak, 0-17 år | 3,4 | 3,6 | 3,5 | prosent | |
| | 7 Unge som står utafor, 15-24 år | 5,9 | 6,8 | 7,6 | prosent (a,k) | |
| | 8 Mottakarar av uførepensjon, 18-29 år | 2,2 | 2,1 | 2,2 | prosent (a,k) | |
| Barnehage og skule | 9 Bemanning i barnehage, oppfylt | 64 | 60 | 63 | prosent | |
| | 10 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr. | 33 | 27 | 24 | prosent (k) | |
| | 11 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr. | 29 | 26 | 26 | prosent (k) | |
| | 12 Trivst på skulen, 7. trinn | 87 | 83 | 85 | prosent (k) | |
| | 13 Blir mobba på skulen, 7. trinn | 10 | 8,1 | 8,4 | prosent (k) | |
| | 14 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng | 42,8 | 42,7 | 43,0 | poeng (k) | |
| | 15 Gjennomføring i vdg. opplæring | 84 | 82 | 80 | prosent (k) | |
| Fritid og nærmiljø | 16 Fornøgd med treffstadar, 2021 | 48 | - | 46 | prosent (a,k) | |
| | 17 Med i fritidsorganisasjon, 2021 | 57 | - | 60 | prosent (a,k) | |
| | 18 Fortruleg venn, 2021 | 85,1 | - | 88,1 | prosent (a,k) | |
| | 19 Einsemd, 2021 | 23 | - | 25 | prosent (a,k) | |
| | 20 Regelbrudd, Ungd. 2021 | 8,9 | - | 8,6 | prosent (a,k) | |
| | 21 Skjermtid over 4 timar, 2021 | 48 | - | 49 | prosent (a,k) | |
| Helse og helseattferd | 22 Fornøgd med helse, 2021 | 70 | - | 68 | prosent (a,k) | |
| | 23 Høg tilfreds. med livet, Ungd. 2021 | 51 | - | 49 | prosent (a,k) | |
| | 24 Psykiske plager, 2021 | 16 | - | 17 | prosent (a,k) | |
| | 25 Psykiske sympt./lidingar, 15-24 år | 189 | 177 | 176 | per 1000 (a,k) | |
| | 26 Problem med søvn, 2021 | 40 | - | 31 | prosent (a,k) | |
| | 27 Har brukt cannabis, 2021 | 2,4 | - | 3,1 | prosent (a,k) | |
| | 28 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år | 30 | 29 | 28 | prosent (k) | |
| | 29 Overvekt og fedme, 17 år | 23 | 24 | 22 | prosent (k) | |
| | 30 Alkohol, har vore berusa, 2021 | 11,2 | - | 12,7 | prosent (a,k) | |

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkingen manglar. Les meir om moglege årsaker til at tal frå Ungdataundersøkingen manglar og grunngeving for eittårige lands- og fylkestal for 2021 og 2022 [her](#).

Kjelder:

- Folkehelseoversikt Sula kommune 2021
- Oppvekstprofil 2023

D) Barnevernstiltak

Del barn som får hjelp av barnevernet i Sula kommune er på nivå med fylket og resten av landet. I 2022 var det ein nedgang samanlikna med tidlegare år.

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|
| Sula | 4,9 % | 5,0 % | 4,4 % | 3,4 % |
| Møre og Romsdal | 4,6 % | 4,4 % | 4,0 % | 3,6 % |
| Landet | 4,2 % | 4,1 % | 3,9 % | 3,5 % |

F) Spesialundervisning i grunnskulen

Elevlar som ikkje har utbyte av den ordinære opplæringa har i følgje opplæringslova § 5.1 rett til vedtak om spesialundervisning. I fylket er det stor variasjon kommunane imellom i tildelinga av spesialundervisning: frå 4,4 prosent til 22,4 prosent.

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|
| Sula | 6,9 % | 8,0 % | 8,0 % | 9,1 % |
| Møre og Romsdal | 9,5 % | 9,6 % | 9,7 % | 9,3 % |
| Landet | 7,7 % | 7,8 % | 7,8 % | 8,0 % |

G) Elevundersøking

Elevundersøkinga viser at elevane på 7. trinn opplever at dei får god støtte frå lærarar, men også heimanfrå. Trivselen er òg høg, men har gått noko ned dei siste åra. Redusert er også motivasjon og meistring. At så mange år er tatt med i figuren nedanfor skuldast ønske om å synleggjere resultatane både før, under og etter Covid 19-pandemien. Verdt å merke seg er at alle indikatorane var jamt lågare då Covid 19-pandemien i størst grad prega skuleåret, i 2020–2021.



Kjelder:

- Kommunehelsa statistikkbank
- Elevundersøkelsen 2023-2024

E) Låginntektsfamiljar

| | 2017–2019 | 2020–2022 |
|------------------|-----------|-----------|
| Alle aldrar | 7,2 % | 7,0 % |
| Barn under 17 år | 7,0 % | 6,9 % |

Del personar og barn som lever i vedvarande låginntektsfamiljar i kommunen ligg noko lågare enn samanlikna med fylket og landet. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.

Del barn som bur trøngt er lågare enn landsnivået. Å bru trøngt blir definert som at tal på rom i bustaden er mindre enn tal på personar eller at bustaden er mindre enn 25 kvadratmeter per person.

H) Mobbing


Elevundersøkinga for 2023-2024 viser at Sula framleis har høg grad av mobbing, også digital mobbing. For 2023–2024 ligg Sula godt over landsnittet.

| | Sula | | Heile landet | |
|--|----------|-----------|--------------|-----------|
| | 7. trinn | 10. trinn | 7. trinn | 10. trinn |
| Mobbing på skulen | 15,4 % | 17,3 % | 12,8 % | 10,9 % |
| Er du blitt mobbet av andre elvar på skulen dei siste månadene? | 13,2 % | 12,5 % | 10,7 % | 8,0 % |
| Er du blitt mobbet av vaksne på skulen dei siste månadene? | * | 10,6 % | 2,5 % | 4,9 % |
| Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?* | 7,8 % | 10,5 % | 4,8 % | 4,5 % |


* tal er unnteken offentlegheita/skjerma fordi dei er låge.

** gjeld ikkje berre i skulen.

Grafane nedanfor viser utviklinga i opplevd mobbing og digital mobbing. Der tal er skjerna tyder dette på at tala er låge.



For 2017–2018 og 2018–2019 er tala skjerna for trinn 10.



For 2021–2022 er tala skjerna for begge trinna.

Kjelde:

• Elevundersøkelsen 2023-2024

I) Arbeidsløse - utanforskap eller arbeidskraftreserve

Om ein definerer arbeidsstyrken i kommunen som alle som er sysselsette eller arbeidssøkande, er det berre 1,3 prosent av arbeidsstyrken i Sula kommune som er arbeidsledige per september 2023.

Dersom ein derimot tek omsyn til alle innbyggjarar som er i yrkesaktiv alder, mellom 20–66 år, som ikkje har arbeid, ikkje tek utdanning, eller som mottok trygd – er det 16,5 prosent som står utanfor arbeidslivet ved utgangen av 2022. Dette utgjer om lag 900 personar. Sula har med andre ord mange personar i yrkesaktiv alder i utanforskap, og slik utanforskap finnast i alle aldersgrupper og består av alle type menneske i følge NAV.

Fleire har inntektssikring gjennom NAV i form av trygd, men fleire har også ingen inntektssikring. Desse blir forsørgra av partner eller familie, og utgjer i hovudsak gruppa «Ingenting» på 7,1 prosent i figuren nedanfor. Det må her understrekast at fleire står frivillig på utsida, men NAV viser også til at det er mange som står på utsida heilt ufrivillig. NAV viser til at dette er menneske som av ulike orsakar slit med å kome inn i arbeidslivet.

Utanforskap må sjåast på som ein arbeidskraftreserve og ressurs, og NAV viser til at for å bevare velferdssamfunnet vårt må det leggest til rette for at alle som vil og kan jobbe, får det. Ikkje berre dei som står utanfor arbeidslivet i dag, men også innvandrarar og flyktningar.



J) Sjukefråvær

Det legemeldte sjukefråværet for alle som arbeider i Sula var i 2. kvartal 2023 på 6 prosent, ein auke på 3,4 prosent det siste året. Det legemeldte sjukefråværet er langt høgare for kvinner enn menn, noko som gjeld for heile landet. Dette sjukefråværet var 8,3 prosent for kvinner mot 4,2 prosent for menn i 2. kvartal 2023.


I følge NAV er det i Møre og Romsdal flest tapte dagsverk (grunna legemeldt sjukefråvær) innan muskel- og skjelettlidingar, men sjukefråvær knytt til psykiske lidingar har auka stort samanlikna med dei siste åra.

Kjelde:

• Fylkesstatistikk 2023

K) Helse- og omsorgstenester - framtidig tenestebehov

Endra utgiftsbehov demografi - 2022 - 2032



Figuren ovanfor viser at utgiftsbehovet i Sula kommune vil samla sett stige med 5 prosent dei komande 10 åra. Helse og meistring sin del er venta å stige med 25 prosent, noko som er ein auke på 5 prosent frå førre framskriving i 2020. Denne demografidrevne utgiftsveksten kan påverkast. Skal kommunen makte å møte denne utfordringa på ein god måte, hastar det å gjere kloke val, både når det gjeld investeringar og drift. Målet med tiltaka må vere å bremse veksten i utgiftsbehov. Denne utfordringa er nærare skildra i *Helse- og omsorgsplan for 2021–2025*.

I Helse- og omsorgsplanen står det vidare om situasjonen for helse- og omsorgstenester i kommunen:

«Sula har lenge hatt ei svært heimetenesteorientert omsorgsteneste. Denne typen omsorgsprofil er moderne og effektiv, og har vore vellukka i Sula. Vi har blitt kjent for å yte mykje omsorg for pengane. For få plassar med heildøgns omsorg, kombinert med ei underdimensjonert ambulerande heimeteneste, kan truge med å gjere modellen ineffektiv. Vi er igjen i ferd med å nærme oss ein slik ubalanse. Komande vekst i tal på eldre vil ytterlegare kunne utfordre balansen i tenestene våre, dersom vi ikkje tek grep i planperioden.

I arbeidet med planen har fleire trendar blitt tydelege. Det skjer ei ansvars- og oppgåveforskyving frå 2. linjetenestene til kommunen. Dette er i samsvar med tankane bak samhandlingsreforma, og er fagleg og samfunnsøkonomisk rett, men konsekvensane av utviklinga er underfinansiert for kommunen sin del. Det er utfordrande. Vidare skjer ein auka bruk av teknolog i tenestene, og ytterlegare oppgåveforskyvingar knytt til dette. Desse trendande er ressurskrevjadede, og vil også krevje meir av oss når det gjeld kompetanse, innovasjon og fagutvikling. Vi er nøydd til å satse meir på desse områda dersom vi skal skape tenester som er robuste nok til å møte framtida.

Oppsummert teiknar denne planen eit bilete av helse-, sosial- og omsorgstenestene som er prega av effektiv organisering og vilje til omstilling og fagleg utvikling, men der dei økonomiske rammene er urovekkande knappe i høve dei utfordringane som vi ser. Vi skal fortsette å utvikle smarte arbeidsformer som gir best mogleg helse og omsorg for pengane, men ser at det i planperioden kan bli behov for tøffe prioriteringar når det gjeld omfang og innhald i dei tenestene som vi yter».


Kjelder:

- KS sin demografimodell pr. 05.07.2022
- Helse- og omsorgsplan for Sula kommune 2021-2025

L) Innsatstrapp og bustadtrapp

Agenda Kaupang har på oppdrag frå Sula kommune peika på nokre utfordringar med dagens (og framtidig) situasjon: endra befolknings-samansetting, bemanningskrise i helse- og omsorgstenestene, utfordringar i dagens bustadmarknad som er med på å gi økte kostnader til pleie og omsorg, og innbyggjarar har manglande moglegheiter til å gjere gode bustadval. Til dømes at bustader ikkje er eigna for eldre.

For å kunne svare på desse utfordringane har Agenda Kaupang utarbeida ein prognosemodell basert på bustadtrapp- og tenesteprofil. Modellen er tett kopla til førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Modellen kan vere eit verktøy for framtidig planlegging og for å vise behov for bustadbygging, stadutvikling og samarbeid med private aktørar.



Kjelde:

- Heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp i Sula kommune

8 Kommunen sin økonomi

A) Måltal

Sula kommune har i budsjett- og økonomiplan for 2024–2027 definert tre finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjøre minimum 1,5 prosent av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjøre 10 prosent av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 prosent) innan 2030 og 100 prosent innan 2035

Dei finansielle måltala synleggjer viktige sider ved det økonomiske handlingsrommet for Sula kommune. Sett opp mot dei tilrådde måltala, er netto driftsresultat for lavt, og gjelda for høg i økonomiplanen. For å ha ein berekraftig økonomi er dette noko vi må arbeide med i åra framover.

FINANSIELLE MÅLTAL FOR SULA KOMMUNE:

| | Mål | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--|--------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Netto driftsresultat i % av driftsinntektene | >1,5 % | 0,6 % | -0,2 % | 4,0 % | 2,1 % | -1,1 % | -0,8 % | -1,0 % | -0,7 % | -0,9 % |
| Disposisjonsfond i % av driftsinntektene | >10 % | 11,2 % | 12,5 % | 14,5 % | 16,3 % | 14,8 % | 12,8 % | 11,7 % | 10,9 % | 9,9 % |
| Netto lånegjeld i % av driftsinntektene | <130 % | 119,3 % | 112,4 % | 115,1 % | 123,8 % | 126,2 % | 130,2 % | 133,0 % | 147,0 % | 153,3 % |

i) Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at utgifter er trekt frå. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse, gir handlingsrom i budsjettåret, mogleggjer strategiske tiltak og imøtekomme utforutsette hendingar. Netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller settast av til seinare bruk. I denne økonomiplanperioden (2024–2027) klarer vi ikkje å nå måltalet på 1,5 prosent med dagens rammer.

ii) Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter

Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfondet kjem frå tidlegare års overskot, og mogleggjer tiltak i økonomiplanperioden (på fire år). Dagens nivå på disposisjonsfond i kommunen er bra, og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom. Ved utgangen av denne økonomiplanperioden vil disposisjonsfondet utgjøre 9,9 prosent av brutto driftsinntekter.

iii) Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter

Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Netto lånegjeld må sjåast på i ein 10 til 40 års horisont. Økt lånegjeld reduserer kommunen sitt handlingsrom. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 prosent av driftsinntektene. KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 prosent er ugunstig.

Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100 prosent sidan 2014. I denne økonomiplanperioden aukar lånegjelda til 153 prosent i 2027. Orsaken til aukinga i 2026 og 2027 er i hovudsak knytt til investering i nytt renseanlegg for vatn og avløp. Kostnader til dette blir dekt i tråd med sjølvkostprinsippet.

Kjelde:

- Budsjett- og økonomiplan for 2024–2027

9 Samarbeid

Sula kommune har direkte eigarskap i aksjeselskap, interkommunal selskap og samvirkeforetak. I tillegg har kommunen andre typar samarbeid og medlemskap med andre aktørar, både på tvers av kommunegrensar og fagområde. Nokre er nemnd her:

ATTVIN AS

Attvin, tidlegare ÅRIM og Bingsa Gjenvinning, har ansvar for lov-pålagt innsamling og gjenvinning av avfall og slam i sju kommunar. Attvin driv i tillegg miljøstasjonar. Selskapet er eigd av kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ålesund.

FRAMTIDSLABEN OG THE NORTH WEST

Framtidslaben skal bidra til at næringsliv, akademia, frivilligheita, innbyggjarar og offentleg sektor kan samarbeide om berekraftig utvikling av regionen. Framtidslaben og The North West er slått saman og er no organisert som ei ideell foreining.

SUNNMØRE REGIONRÅD IKS

Skal bidra til ein positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla. Sunnmøre regionråd leiar ulike samarbeidsprosjekt mellom kommunane i regionen.

BRANNVESEN

Ålesund brannvesen KF har ansvaret for brannforebygging, brannberedskap og redning i Ålesund, Giske, Haram og Sula.

KRISESENTER

Saman med fleire andre kommunar på Sunnmøre, er Sula med i eit interkommunalt samarbeid om krisesentertilbod for kvinner, menn og barn. I dette samarbeidet ligg også arbeid og oppfølging av handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

ERASMUS+

Gjennom ei satsing på eit europeisk utdanningssamarbeid vil den kulturelle forståinga for borna i Sula kommune bli auka. Samarbeidet gir moglegheita for å utvide horisonten vår samtidig som vi vil bli betre på å inkludere dei som kjem frå andre land til kommunen.

BARNEHAGE, SKULE, SFO OG PPT

For å heve kompetanse i barnehage, skule og elles i laget rundt barnet er Sula med i eit regionalt samarbeid på nordre Sunnmøre i lag med Stranda, Sykkylven, Giske, Fjord og Ålesund.

A) Samarbeid i Møre og Romsdal

I dokumentet *Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030* peiker Møre og Romsdal fylkeskommune m.a. på desse hovudtrekka når det gjeld samarbeid:

- Det er mykje bra samarbeid innan offentleg sektor i fylket, men det er også tydelege forbetningspunkt.
- Kommunane er i stadig større grad påverka av kva som skjer i nabokommunane, noko som aukar behovet for mellom anna plansamarbeid.
- Kommunane samarbeider i liten grad med forskningsinstitusjonar.
- Det er behov for større rausheit og regionalt perspektiv i samarbeidet mellom kommunane.
- Fleire kommunar manglar ein samhandlingsarena med næringslivet.
- Manglande kunnskap om innovasjonsprosessar og prioritering av innovasjonsprosjekt utfordrar innovasjonskapasiteten i kommunal sektor.
- Det ligg store moglegheiter i samhandling og samskaping mellom offentleg sektor, sivilsamfunn og næringsliv.

Kjelder:

- Eigarskapsmeldinga
- *Utfordring og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030*

10 *Planar i Sula kommune*

Per april 2024 har vi følgende planar i Sula kommune. Område- og detaljreguleringsplanar, er ikkje tatt med.

Kommuneplan

[Samfunnsplan 2010–2020](#)
[Budsjett- og økonomiplan 2024–2027*](#)
[Arealplan 2015–2025](#)

* representerer også samfunnsplanen sin handlingsdel.

Strategi

[Strategisk næringsplan 2015–2022](#)

Kommunedelplan

[Miljø- og klimaplan 2009–2013](#)
[Kommunedelplan avløp 2011–2021](#)
[Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010–2013](#)

Temaplan

[Plan for klima, areal og transport i Ålesundsregionen \(PAKT\)](#)
[Trafikktryggingssplan 2015–2020](#)
[Kultur- og oppvekstplan 2022–2032](#)
[Leikeplassar – lokalisering og utforming](#)
[Helse- og omsorgsplan 2021–2025](#)
[Beredskapsplan for helse- og sosialtenesta](#)
[Pandemiplan for Sula kommune](#)

Andre planar, analyser og reglement

[Bustadsosial handlingsplan](#)
[Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2020–2024](#)
[Handlingsplan for vald i nære relasjonar Sunnmøre 2021–2025](#)
[Handlingsplan for digital kompetanse i kultur og oppvekst 2019–2021](#)
[Smittevernplan](#)
[Folkehelseoversikt 2021](#)
[Handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023](#)
[Konseptrapport Langevåg sentrum](#)
[Tettstadsanalyse Langevåg sentrum](#)
[Språkbruksplan](#)
[Biologisk mangfald Sula kommune 2008 og supplerande registreringar](#)
[Overordna beredskapsplan](#)
[Politisk delegeringsreglement](#)